

FJORDVEG-DRØSEN

HAUST
-DRØS

Nytt frå IS Fjordvegen Rute 13
Medlemsinformasjon nr 2/2014 Redaktør: Hanne Sundbø



NY FJORDVEG-FOLDAR PÅ GONG, NÆRINGS- LIVET I FOKUS:

Hetland Media og Hanne Sundbø arbeidar ut ny infomasjonsfoldar. Den gamle er for lengst gått ut på dato. I brosjyra er i tillegg til gode argument frå ny styreleiar, også representantar for næringslivet med sitt syn på utfordringar og mulegheiter knytt til Rv 13. Nye og «gamle» medlemmer som Felleskjøpet Rogaland Agder, Marine Harvest region Sør, Ullensvang Hotel og Vik Nærings-samskipnad får koma med velfunderte meiningar. Alle medlemmer vil få eit visst antal tilsendt etter trykking. Formatet blir 17 x 24 cm (skulebok-format), og opplag 5000 eks. Trykksaker av slik type kan reknast som ferskvare og får ei levetid på ca 2 år.



Avtroppande mangeårige styreleiar
Arne Kleppa får gåve av ny leiar Marta
Finden Halset på årsmøtet 17.6.

NY STYRELEIAR MARTA FINDEN HALSET HAR ORDET:

Som nyvalt styreleiar takkar eg for tilliten. Ei stor takk til Arne Kleppa som har gjort ein glimrande jobb som styreleiar for IS Fjordvegen. Vegsaker på Vestlandet har teke svært mykje av mi tid som ordførar. Eg er engasjert og interessert i samfunnsutviklinga og samferdsel er grunnleggjande for utviklinga i alle område.

RV 13 er det indre stamvegalternativet. For å få naudsynt utbygging må me sameina kreftene langs ruta, så me kan stå fram med felles tale til felles mål. Me må finna – og nytta oss av dei gode hjelparane og framsynte folke.

Hardangerbrua gjer RV 13 til den raskaste vegen til kontinentet frå Trondheim. Kun ei ferje er igjen i nord på strekninga Vangsnes – Hella – Dragsvik (15min). Når tunnelen under Vikafjellet er ferdig, står Jøsenfjorden igjen i sør. Med desse på plass, vil det være stabil heilårsveg frå kontinentet til Trondheim.

Rute 13 regionen dekker 16 kommunar. Utviklinga i desse kommunane er svært ulike. I sør er kommunane Sandnes, Strand og Forsand ein del av arbeidsmarknaden i Stavanger-regionen. Førde som ligg lengst i Nord har og befolkningsvekst. Men kommunane mellom desse områda har store utfordringar med varierende næringsutvikling. Ein attraktiv kommune er avhengig av integrasjon med arbeidsmarknad rundt omkring, og då er vegsambandet nøkkelen. Dagpendling må være ein moglegheit i regionen. IS Fjordvegen Rute 13 ser som få andre på tvers av fylkesgrensene! Rassikring, utbedringar og trygg veg med gul midtstripe er målet.

Brukar me for lite oljepengar til investering i viktig infrastruktur for samfunnet? Handlingsregelen var klar på at oljepengane skulle brukast på samferdsel, utdanning, forskning og innovasjonsverksemd. Mykje går no til forbruk. Utfordringa i den offentlege debatten er å skilje mellom forbruk og investering. Meirnyttan av veginvesteringar handlar om den langsiktige effekten på regional utvikling. Det handlar om å utvikla landet vårt! Analysetida for å sjå om eit prosjekt er lønsamt er no 40 år mot tidlegare 25 år, men er dette nok? 40 år er i historia eit kort perspektiv. Er då Statens vegvesen sine samfunnsøkonomiske utrekingar tilstrekkelege? Veginvesteringane vert meir og meir lønsame framover. Samferdsel og kommunikasjon er alt i utviklinga av arbeidsplassar som gjev vekst i landet. Det skapar realformuen vår! Det er ikkje finanssparinga som skapar realformue og arbeidsplassar. Dette må me politikarar sette meir fokus på. Fjordvegen må være på bana der kampane vert utkjempa. Det er arbeidet i dag som gjev resultat i morgon!

Arne Kleppa teikna i sin avskjedstale eit godt bilde av situasjonen: «alle veit kva som skjer om stolen manglar eit bein» og spikra fast beina:

IS Fjordvegen som organisasjon må styrkast.

Alliansepartnarskap må byggast og bindast sterkt saman.

Fjordvegen må være på bana - alltid! Rute 13 må fram i lyset.

Marta Finden Halset, styreleiar



Styret i IS Fjordvegen Rute 13 (2014-15) etter valet på årsmøtet 17.6., Balestrand:

Frå venstre: John Opdal, Anders Ryssdal (Sogn & Fjordane), Sigbjørn Hauge, Bjørn Laugaland, Marta Finden Halset (leiar), Edmund Utne (vara, ny frå næringslivet). Leiv Vambheim (adm), Harald Offerdal. Torkel Myklebust (ny nestleiar), Per Kåre Foss og Einar Horvei kunne ikkje møta.

STATSBUDSJETTET: I skrivande stund er statsbudsjettet for 2015 nettopp lagt fram med få overraskingar for Fjordvegen Rute 13 sin del. Trass alt ikkje så mykje negativt heller i høve kva ein del andre vegstrekningar opplev. Utan eit kontinuerleg samarbeide mellom mange aktørar gjennom IS Fjordvegen Rute 13, oppfølging og påverknad ville sansynlegvis forslaget vore dårlegare.

Følg med, legg inn dine ting og debatter gjerne på facebook: <https://www.facebook.com/Fjordvegen>



NY ATTRAKTIVITETSANALYSE ER TINGA:

I 2008 fekk IS Fjordvegen laga ei Attraktivitetsanalyse for Rute 13 frå Telemarksforskning. Styret har bestemt at ein slik skal lagast igjen. Forskar Knut Vareide (bildet) i Telemarksforskning står for arbeidet som skal vera ferdig før nyttår. Tilsvarende analyser blir laga for mange andre kommunar, regionar og fylke i Norge kvart år.

Kva er så ei attraktivitetsanalyse og kva parametre inngår? Knut Vareide fortel om dette på ein videosnutt som ligg på IS Fjordvegen si facebookside: <http://vimeo.com/user10810486/review/74368338/6838d8b362>.

I tillegg er det bestemt at det skal presenterast eit scenario med fokus på *nedgang i oljeindustrien*, samt at IS Fjordvegen ønskjer særleg fokus på *reiselivsutvikling* i vår langstrakte region. Er du særleg interessert i grunnlaget for slike analyser, ta kontakt med Hanne Sundbø.

Skilting i fokus: Det nye styret har i møtet i september bestemt å

sjå på vegvesenet si skilting av Fv/Rv 13. God skilting er eit konkurranse-føretrinn for stader og næringsliv langs og nær Fjordvegen Rute 13! Omlegging no og framover i samband med endra trasear, tunnelar og bruer gjer at me må vera særleg merksame på mangelfull skilting. Fjordvegen Rute 13 ønskjer å vera proaktive i høve vegvesenet sine nye skiltplanar.

(Bildet: Dagens skilting i Røldal)



Årskonferansen i Balestrand, juni: Dette er allereie

lenge sidan, men innlegga, m.a. det inspirerande føredraget til Jørgen Amdam og alle dei andre gode innlegga finst på nettsidene: <http://fjordvegen.no/2014/06/arskonferanse-2014/>. Styret har elles evaluert konferansen og årsmøtet som vellukka, men ønskjer å endra tidspunkt til medio mai for 2015. Område: Ryfylke.

